


16.11.2009

Fleire avløpsavtalar underskrive



I den seinare tid er det underskrive fleire avtalar mellom kommunen og grunneigarar sentralt i Uskedalen om om rett til å leggja avløpsleidningar over eideomane og til nedsetjing av nødvendige kummar.

Det heiter i avtalane at graving av grøft og leggjing av leidning og eventuelle kummar skal kunna skje i tidsrommet frå 1. januar til 1. oktober i 2010. Innan dette tidsrommet skal massane førast attende i grøftetraseen og terrenget jamnast og såast til.

Avtalane slår elles fast at kummane ikkje må koma høgare enn terrenget og at terrenget må jamnast til kring desse slik at dei ikkje er til hinder for eigaren av eideomen.

Det må ikkje, utan etter avtale med kommunen, fyllast massar over kummane slik at kumlokk vert skjult under bakken, gjerast endringar på terrengnivå eller plantast tre av stor betydning over leidningane.

Ved kryssing av dreneringsgrøfter skal desse ikkje blokkerast, men setjast tilbake til opprinneleg stand.

Eigaren skal disponera terrenget som før, men kan ikkje utan etter avtale med kommunen byggja eller grava nærmare leidningen enn 1,5 meter.

Kommunen har rett og plikt til drift og framtidig vedlikehaldsarbeid av leidningen og kummar, og skal ved seinare vedlikehaldsarbeid setja terrenget i minst same stand som før.

Eventuelle prydtrær, buskar eller konstruksjonar som vert øydelagde skal erstattast eller setjast i same stand for før.

Alle kostnadar i samband med arbeidet og istandsetting/vedlikehald skal berast av kommunen, heiter det i avtalane.

Av Ola Matti Mathisen